

**Saksframlegg**

Saksbehandlar: Birte Tuxen Bø, Næringsavdelinga  
Sak nr.: 16/1846-2

**Kommunale næringsfond - tildeling 2016**

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

**Framlegg til vedtak:****Fylkesdirektøren for næring rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

1. Kvar av kommunane Førde, Gaular, Naustdal, Jølster, Eid, Vågsøy, Selje, Gulen, Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund får eit stimuleringsstilsot på kr. 100 000 for felles førstelineteneste.

Kommunane Eid, Vågsøy og Selje får eit stimuleringsstilsot for felles næringsfond på kr. 33 333 kvar.

Kommunane Hyllestad, Fjaler og Solund får eit stimuleringsstilsot på kr. 100 000 kr. kvar for felles næringsfond.

2. Følgjande kommunar får tilskot til kommunalt næringsfond for 2016, som vert tildelt i denne saka (inkludert stimuleringsstilskota):

<b>Kommune</b>	<b>Totalt tilskot 2016</b>
Askvoll	533 738
Balestrand	356 344
Eid	701 000
Fjaler	625 099
Flora	832 122
Førde	975 855
Gaular	530 112
Gloppen	557 326
Gulen	504 508
Hornindal	352 136
Hyllestad	560 865
Jølster	533 603
Leikanger	401 285
Naustdal	525 546
Selje	555 925
Sogndal	649 313
Solund	533 560
Stryn	619 278
Vågsøy	702 387
<b>SUM</b>	<b>11 050 000</b>

3. Leikanger, Fjaler, Gloppen, Flora (Fram Flora) og Sogndal må levere politisk handsama rapport før midlane kan betalast ut.
4. Kommunane må rette seg etter notat om rolledeling i finansieringssaker, vedtekne kapitalgrenser og gjeldande regelverk. Fylkesdirektøren får fullmakt til å gje utfyllande presiseringar i tilskotsbrev.
5. Midlane vert dekkja av 11,00 mill. kr. avsett til kommunale næringsfond i budsjett 2016 og restløyving frå 2015 på 0,05 mill. kr. avsett til kommunale næringsfond.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Vedlegg:

Retningsliner for kommunale næringsfond (Sogn og Fjordane) gjeldande frå 01.01.2016  
Retningsliner for arbeidsdeling i finansieringssaker  
NVE si oversikt over inntekter frå konsesjonsavgifter

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Innsendte årsrapportar frå kommunane

Kommunane sine rapportar gjennom [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no)

Retningsliner Kap. 551, post 60 og 61

Forskrift Kap. 551, post 60 og 61

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. SAMANDRAG**

Fylkeskommunen tildeler midlar til kommunale næringsfond i Sogn og Fjordane. Midlane skal hjelpe kommunane til å vere gode støttespelarar for etablerarar og lokalt næringsliv.

I denne saka gjer vi framlegg om fordeling av midlar til kommunale næringsfond på bakgrunn av kommunane si rapportering om bruk av midlane for 2015, og oppfylling av dei krav som er sette. Vi gjer og framlegg om tildeling av stimuleringstilskot til kommunar som kan dokumentere felles førstelineteneste med andre kommunar, eller felles næringsfond for fleire kommunar.

Mange kommunar jobbar godt med næringsfonda. Vi har ikkje sett bruk som klart er i strid med retningslinene, men det kan nok vere potensial for betre bruk av midlane i nokre tilfelle.

Kommunal næringsutvikling er eit viktig satsingsområde også framover. Det er viktig å jobbe godt med forvaltninga av næringsfonda og auke kvaliteten på bruken. Dette vert teke opp på kurs og samlingar.

### **2. BAKGRUNN**

#### 2.1 Bakgrunn for at saka er reist - budsjett

Fylkestinget sette i sak 68/15 Budsjett 2016/Økonomiplan 2016-19 av 11,00 mill. kr. til kommunale næringsfond i 2016.

Frå og med 2014 vart skjønnsstilskotet gjennom statsbudsjettet fjerna, men fylkeskommunen nyttar framleis midlar frå Statsbudsjettet Kap. 551, post 60 og retningsliner frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet gjeld for bruken av midlar.

Løyving i 2016 er redusert med 0,33 mill. kr. frå 2015.

#### 2.2 Tidlegare vedtak – føringar for næringsfond i Sogn og Fjordane

## Gjeldande retningslinjer

Hovudutvalet vedtok nye retningslinjer for kommunale næringsfond i møte 24. november 2015. Dette var ein mindre revisjon.

Vi går her kort gjennom nokre sentrale krav og vilkår for tildeling av midlar for kommunale næringsfond.

Kommunar som har inntekter frå konsesjonsavgift mindre enn 2 mill. kr., kjem automatisk inn under ordninga. Kommunar som kjem inn under ordninga må oppfylle fire krav for å få tildelt midlar, dei må ha:

- retningslinjer for bruk og forvaltning av næringsfondet
- eit tilfredstillande næringsapparat, der minimum ein person i 50 % stilling skal vere disponibel for oppgåver knytt til førstelinetenesta og kontaktinformasjon er lett tilgjengeleg for målgruppa
- ein strategi for næringsutvikling og
- årsrapport

Det er gitt utfyllande vilkår for kvart av desse punkta i retningslinjene.

Retningslinjene opnar for stimuleringstilskot for felles førstelineteneste og felles næringsfond, og det skal nyttast ein fordelingsnøkkel mellom kommunane.

### Rolledeling i finansieringssaker

Det er i samband med bestillingsbrev til Innovasjon Norge (IN) utarbeidd eit notat med klargjering av rolledeling mellom IN sine bedriftsretta tiltak og fylkeskommunen sine tilretteleggande tiltak, prinsipp for arbeidsdeling og rolledeling i finansieringssaker mellom Innovasjon Norge og kommunane, og andre presiseringar i høve samarbeidet knytt til kommunalt næringsutviklingsarbeid. Her vert det mellom anna sett kapitalgrenser for kva saker som skal til IN og kva som skal til kommunane, og det vert slått fast eit prinsipp om at prosjekt berre i særskilte tilfelle kan få finansiering både frå fylkeskommunen og kommunale næringsfond.

Frist for rapportering av bruken av kommunale næringsfond i 2015 til fylkeskommunen vart i tilskotsbrev sett til 15. februar 2015. Frist for å levere rapport gjennom nettsida [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no) var av Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) sett til 1. februar.

## 2.3 Krav frå Kommunal- og regionaldepartementet

### **Retningslinjer for Kap. 551, post 60 og 61**

Tilskota til kommunale næringsfond vert dekkja med midlar frå Statsbudsjettet kap. 551, post 60. Dei felles retningslinjene for kap. 60 og 61 gjeld difor også kommunane si forvaltning av næringsfondsmidlar frå fylkeskommunen. I tillegg gjeld sjølvstøtte andre regelverk for bruken av midlar, mellom anna for innkjøp og statsstøtte.

Gjennom dette regelverket går det fram at gjenteken feil bruk av midlane vil føre til krav om tilbakebetaling. Fylkeskommunen har ansvaret for kontroll og sanksjonar.

Gjenteken feil bruk vil medføre krav om tilbakebetaling. I praksis vil dette skje ved reduksjon med tilsvarande beløp i neste budsjettår. Kommunane skal og gje si vurdering før det blir konkludert.

I 2014 kom det ei forskrift for kap. 551, som også er gjeldande for kommunar som får tilført næringsfondsmidlar frå fylkeskommunen. Forskrifta regulerer i hovudsak forholdet mellom tilskotsforvaltar og dei som får tildelt midlar.

## **3. Oppfylging av krav og kommunane si rapportering for 2015**

Vi går kort gjennom kommunane si rapportering på minstekrava.

### 3.1 Retningslinjer, næringsapparat og strategi for næringsutvikling

Kommunane har gjennom rapport til fylkeskommunen vurdert egne retningslinjer, næringsapparat og strategi for næringsutvikling. Vi har gått gjennom rapportane frå kommunane, men vi har i år ikkje hatt ein stor gjennomgang der vi ser på alle retningslinjer og planar.

### 3.2 Årsrapport

Kommunane skal kvart år utarbeide ein årsrapport til fylkeskommunen om næringsutviklingsarbeidet. Kommunane skal også rapportere direkte til Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) gjennom [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no) (RF 13.50).

Alle kommunar har levert rapport i regionalforvaltning. Alle kommunar har også levert årsrapport, nokre har levert saksutgreiinga då dei ikkje har hatt politisk møte enno.

Vi rår til at det på bakgrunn av rapportering vert løyvd midlar til alle kommunane, men at midlane ikkje kan utbetalast før godkjend rapport ligg føre.

## **4. Bruken av midlar i 2015 – er den i tråd med retningslinjene?**

Vi har gått gjennom rapportane frå kommunane. Vi har ikkje gått djupt inn i sakene, men har sett etter saker der det er tydeleg at det er klare brot på regelverket. Vi har ikkje sett saker vi meiner vi må undersøkje nærare, men vi ser saker der vi kan forbetre bruken av midlar gjennom kurs, nettverk og dialog. Kommunal- og moderniseringsdepartementet går også gjennom rapportane og tek stikkprøver.

I 2013 hadde vi ei større runde med merksemd på feil bruk knytt til drift, planlegging og driftsstøtte til næringsapparat og driftsstøtte til reisemålselskapa. Vi har også sendt ut utfyllande presiseringar knytt til desse sakene. I år har vi ingen slike tydelege saker.

Vi ser at nokre tilskot kan ha form av vanleg drift, og ikkje er tydeleg avgrensa. T.d. gjeld dette tilskot til messer og aktivitetar som går att år etter år. Her ynskjer vi å gje tilbakemeldingar skriftleg til alle kommunar der vi minner om regelverket, og gjennom kurs og dialog gjennom året.

Vi vil halde fram med dialog om bruken, og vi vil jobbe saman med Innovasjon Norge om kompetanseheving. Innovasjon Norge har også ein rettleiingsfunksjon ovanfor kommunane.

## **5. Kriterium for fordeling mellom kommunane**

I følgje retningslinjene punkt 3, vert midlane til kommunale næringsfond fordelt etter storleiken på konsesjonsavgifta. Grensa for å få tilført midlar til kommunalt næringsfond er inntekter frå konsesjonsavgift på under 2 mill. kr. I følgje oversikt frå NVE jf. vedlegg, er det dei same kommunane som var innanfor grensa i 2015 som også er innanfor i år.

Hornindal, Hyllestad, Førde, Gaular, Naustdal, Stryn, Jølster, Eid, Sogndal, Gloppen, Selje, Vågsøy, Gulen, Leikanger, Askvoll, Solund, Fjaler, Balestrand og Flora.

Det er innført to stimuleringsstilskot som skal fremje regionalt samarbeid. Det er tilskot til felles førstelineteneste og felles fond.

Alle kommunane i fylket kan søkje om stimuleringsstilskot. Når stimuleringsstilskota er fordelt, vil 60 % av dei resterande midlane bli fordelt likt mellom kommunar som oppfyller krava til å få løyvd midlar til kommunale næringsfond, medan 40 % av resterande midlar vert fordelt på grunnlag av folketal i kommunen.

Vi går gjennom søknader om stimuleringsstilskot og rår til løyving til dette, før vi fordeler restmidlane mellom kommunane. Stimuleringsstilskotet vart sett i ei tid med større total løyving enn i 2016. Fylkesdirektøren vil komme tilbake til hensikt med stimuleringsstilskot, og gjere ei vurdering av storleiken på dei same tilskota innan tilsvarande sak for 2017.

## **6. Søknadar om stimuleringsstilskot for 2016**

### 6.1 Mogelegheit til å søkje om stimuleringstilskot

Kommunar som kan dokumentere at dei har ei felles førstelineteneste med andre kommunar kan få inntil kr. 100 000 i stimuleringstilskot kvar.

Kommunar som har felles næringsfond kan også få inntil kr. 100 000 kvar i stimuleringstilskot. For å få full utteljing vert det føresett at alle fondsmidlar vert lagt inn i eit felles fond. Det er høve til å etablere regionale fond også over fylkesgrensene.

Alle kommunane i fylket kan få stimuleringstilskot.

Regelverket er likt med tildelinga for 2013, 2014 og 2015. Vi hadde då ein gjennomgang. Vurderingane frå same sak i 2013, 2014 og 2015 står seg difor, og vi tek berre med konklusjonane i denne saka.

### 6.2 Tilskot til felles førstelineteneste

#### **Sunnfjord Næringsutvikling (SNU)**

SNU er førstelineteneste for kommunane Førde, Gaular, Jølster og Naustdal.

Fylkesdirektøren rår til at kommunane Førde, Gaular, og Naustdal får eit stimuleringstilskot på kr. 100 000 kvar for felles førstelineteneste i 2016.

#### **Nordfjord Vekst**

Nordfjord vekst vart i januar 2012 etablert av næringslivet og kommunane i Selje, Vågsøy og Eid. Nordfjord Vekst er førstelineteneste for dei tre eigarkommunane.

Fylkesdirektøren rår til at kommunane Eid, Selje og Vågsøy får eit stimuleringstilskot på kr. 100 000 kvar for felles førstelineteneste i 2016.

#### **Gulen (Gulen og Masfjorden Utvikling)**

Det har tidlegare blitt vurdert at Gulen har godkjent felles førstelineteneste gjennom deltaking i Gulen og Masfjorden Utvikling (GMU).

Fylkesdirektøren rår til at Gulen får kr. 100 000 for felles førstelineteneste i 2016.

#### **HAFS (Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund)**

HAFS Utvikling AS vart operative 01. juli 2015 og utfører førstelineteneste for kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund. HAFS har utført førstelineteneste for kommunane Askvoll, Fjaler og Solund frå starten, medan Hyllestad kommune inngjekk same avtale, med verknad frå 01. januar 2016.

Fylkesdirektøren rår til at kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund får eit stimuleringstilskot på kr. 100 000 kvar for felles førstelineteneste i 2016.

#### **Gjeld for alle**

Stimuleringstilskotet skal leggst på fondet, og skal ikkje gå til administrasjonskostnader. Det er sjølvstakt ein føresetnad at kommunen sørgjer for finansiering av førstelinetenesta som ikkje er i strid med regelverket.

### 6.3 Tilskot til felles næringsfond

#### **Nordfjord Vekst**

Nordfjord Vekst handsamar søknadar for alle tre eigarkommunane. 1/3 av næringsfondet frå dei tre kommunane vert lagt inn i eit felles fond, medan resterande midlar er øyremerka bruk i den einssilde kommune.

Kommunane i Nordfjord Vekst har felles næringsfond og kan få stimuleringstilskot, men sidan ikkje alle midlane i næringsfonda vert lagt inn i det felles fondet vert tilskotet avkorta prosentvis i tråd med retningslinene.

Stimuleringstilskotet til kvar av dei tre kommunane vert kr. 100 000 \* 1/3 = kr. 33 333.

Fylkesdirektøren rår til at kommunane Selje, Vågsøy og Eid får eit stimuleringstilskot på 33 333 kr. kvar for felles næringsfond i 2016. Tilskotet skal leggst inn i det felles fondet.

### **HAFS (Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund)**

HAFS Utvikling AS forvaltar næringsfondet for kommunane Hyllestad, Fjaler og Solund (Hyllestad inngjekk avtale med verknad frå 01. januar 2016). Askvoll kommune har omstillingsstatus ut 2016 og vil gjennom omstillingsstyret disponere sitt næringsfond også dette året (førstelinetenesta vert utført av HAFS Utvikling AS).

Fylkesdirektøren rår til at kommunane Hyllestad, Fjaler og Solund får eit stimuleringstilskot på kr. 100 000 kvar for felles næringsfond i 2016.

## **7. Fordeling av midlar 2016**

Fylkesdirektøren har i kap. 6 rådd til at det vert tildelt stimuleringstilskot på kr. 1 599 000 .

Når stimuleringstilskota er fordelt, vert 60 % av dei resterande midlane likt fordelt mellom kommunar som oppfyller krava til å få løyvd midlar til kommunale næringsfond, medan 40 % av resterande midlar vert fordelt på grunnlag av folketal i kommunen. Fordelinga etter kriteria vert då slik:

Løyving til kommunale næringsfond 2016	11 000 000
Rest frå 2015 avsett til kommunale næringsfond	50 000
Minus stimuleringstilskot felles førstelineteneste	1 200 000
Minus stimuleringstilskot til felles næringsfond	399 999
Til fordeling til kommunar innanfor ordninga	<b>9 450 001</b>
60 % =	5 670 001
40 % =	3 780 000

<b>Kommune</b>	<b>Folketal</b>	<b>60 % likt</b>	<b>40 % etter folketal</b>	<b>Tildeling jf. kriteria</b>
Askvoll	3 023	298 421	135 317	433 738
Balestrand	1 294	298 421	57 922	356 344
Eid	6 015	298 421	269 245	567 667
Fjaler	2 830	298 421	126 677	425 099
Flora	11 923	298 421	533 701	832 122
Førde	12 900	298 421	577 434	875 855
Gaular	2 942	298 421	131 691	430 112
Gloppen	5 784	298 421	258 905	557 326
Gulen	2 370	298 421	106 087	404 508
Hornindal	1 200	298 421	53 715	352 136
Hyllestad	1 395	298 421	62 443	360 865
Jølster	3 020	298 421	135 182	433 603
Leikanger	2 298	298 421	102 864	401 285
Naustdal	2 840	298 421	127 125	425 546
Selje	2 774	298 421	124 171	422 592
Sogndal	7 839	298 421	350 892	649 313
Solund	785	298 421	35 138	333 560

Stryn	7 168	298 421	320 856	619 278
Vågsøy	6 046	298 421	270 633	569 054
<b>SUM</b>	<b>84 446</b>	<b>5 670 001</b>	<b>3 780 000</b>	<b>9 450 001</b>

Folketal er etter SSB sitt oversyn pr. 01.01.2016.

## **8. Konklusjon/tilråding**

### **Stimuleringstilskot**

Kvar av kommunane Førde, Gaular, Naustdal, Jølster, Eid, Vågsøy, Selje, Gulen, Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund får eit stimuleringstilskot på kr. 100 000 for felles førstelineteneste.

Kommunane Eid, Vågsøy og Selje får eit stimuleringstilskot på kr. 33 333 kvar for felles næringsfond.

Kommunane Hyllestad, Fjaler og Solund får eit stimuleringstilskot på kr. 100 000 kr. kvar for felles næringsfond.

### **Tildeling til kommunale næringsfond 2016**

I samsvar med drøftingar i saka rår fylkesdirektøren til at følgjande kommunar får tilskot til kommunalt næringsfond for 2016.

<b>Kommune</b>	<b>Grunnlag for utrekning grunnløyving</b>	<b>Stimuleringstilskot</b>	<b>Totalt tilskot 2016</b>
Askvoll	433 738	100 000	533 738
Balestrand	356 344		356 344
Eid	567 667	133 333	701 000
Fjaler	425 099	200 000	625 099
Flora	832 122		832 122
Førde	875 855	100 000	975 855
Gaular	430 112	100 000	530 112
Gloppen	557 326		557 326
Gulen	404 508	100 000	504 508
Hornindal	352 136		352 136
Hyllestad	360 865	200 000	560 865
Jølster	433 603	100 000	533 603
Leikanger	401 285		401 285
Naustdal	425 546	100 000	525 546
Selje	422 592	133 333	555 925
Sogndal	649 313		649 313
Solund	333 560	200 000	533 560
Stryn	619 278		619 278
Vågsøy	569 054	133 333	702 387
<b>SUM</b>	<b>9 450 001</b>	<b>1 599 999</b>	<b>11 050 000</b>

Leikanger, Fjaler, Gloppen, Flora (Fram Flora) og Sogndal må levere politisk handsama rapport før midlane kan betalast ut.

Midlane vert dekkja av 11,00 mill. kr. avsett til kommunale næringsfond i budsjett 2016 og restløyving frå 2015 på 0,05 mill. kr. avsett til kommunale næringsfond.

### **Oppfølging i 2016**

Vi har ikkje sett saker der det er grove brot på retningslinene. Det er framleis trong for meir kurs og kompetanseheving. Det er mykje bra i bruken av midlar frå næringsfondet, men det er også potensial for forbetringar. I 2015 gjennomførte vi kurs og samlingar innan kommunale

næringsfond (regionalforvaltning og liknande) for næringsmedarbeidarar i fylket, for 2016 planlegg vi det same.

Kommunane må rette seg etter notat om rolledeling i finansieringssaker, vedtekne kapitalgrenser og gjeldande regelverk.